



VESTFOLD, TELEMARK OG AGDER
KONTROLLUTVALGSSEKRETARIAT IKS

Møteinnkalling

Vinje kontrollutval

Dato: 11.06.2025 kl. 12:00
Sted: Formannskapssalen
Arkivsak: 25/00005

Forfall og spørsmål om habilitet, meldes snarest mulig til sekretær for kontrollutvalget på e-post ingebjorg.liland@vetaks.no eller telefon +47 470 34 560.

Varamedlemmer møter bare etter egen innkalling.

I tillegg møter:

Sak 5/25	HR- og kvalitetsrådgjevar Eva Vistad
Sak 6/25	Kommunedirektør Jan Myrekrok
Sak 7/25 og 9/25	Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor Hilde Vatnar
Sak 8/25	Controller Ingrid Tveito
Sak 10/25	Forvaltningsrevisor Geir Kastet Dahle (på Teams)

Leder åpner møtet:

Godkjenning av innkalling og saksliste

Godkjenning av møteprotokoll

Sakskart			Side
Saker til handsaming			
5/25	25/00358-1	Rutinar og praksis for tilsettingar i Vinje kommune	3
6/25	25/00359-1	Kommunen sitt arbeid med beredskap	5
7/25	25/00356-1	Revisor si oppsummering av rekneskapsåret 2024	7
8/25	25/00357-1	Årsrekneskap 2024 for Vinje kommune - kontrollutvalet si uttale	9

9/25	24/00592-5	Forenkla etterlevingskontroll 2024	11
10/25	24/00825-9	Undervegsrapportering - Forvaltningsrevisjon av Helse og omsorg	13
11/25	25/00015-3	Referatsaker 11.06.25	14
12/25	25/00021-5	Innspel til kontrollarbeid 11.06.25	15

Møtedokumenter blir publisert på www.vetaks.no.

02.06.2025

For leder i Vinje kontrollutval, Bjørnar Kalbach Christensen

Ingebjørg Liland
Rådgiver

Saker til handsaming

5/25 Rutinar og praksis for tilsettingar i Vinje kommune

Arkivsak-dok. 25/00358-1
Arkivkode 030&18*
Saksbehandlar Ingebjørg Liland

Saksgang	Møtedato	Saksnr
1 Vinje kontrollutval	11.06.2025	5/25

Innstilling frå sekretariatet

Saka vert teken til vitande.

Bakgrunn

Kontrollutvalet handsama i møtet 05.03.25 sak 4/25, innspel til kontrollarbeid. Følgande vedtak blei fatta i saka:

Kontrollutvalet ynskjer følgande orienteringar i neste utvalsmøte:

- Tilsettingar

Bakgrunnen for at kontrollutvalet stilte spørsmål ved tilsettingar var at dei hadde fått fleire førespurnader som stilte spørsmål ved tilsettingar i kommunen.

Saksopplysningar

Å få seg arbeid og inntekt er eit gode som det er konkurranse om. Det er difor ein grunnleggande regel i offentleg sektor at stillingar i utgangspunktet skal bli utlyst offentleg.

Tilsetting i offentleg verksemd er ein svært regelbunde prosess der ein er bunden av kvalifikasjonsprinsippet. Kvalifikasjonsprinsippet er slått fast i rettspraksis, forvaltningspraksis og juridisk teori. Prinsippet er også tariffesta i kommunesektoren. Vinje kommune er dermed bunden av kvalifikasjonsprinsippet.

Kvalifikasjonsprinsippet fastslår at det er den best kvalifiserte søkeren som skal få tilbodet om den ledige stillinga. For at kvalifikasjonsprinsippet skal vere ivareteke må stillinga i dei fleste tilfelle bli lyst ut eksternt med oppgitte kvalifikasjonskrav. Det følgjer av kvalifikasjonsprinsippet at stillinga må vere kunngjort på ein slik måte at det blir allment kjent at stillinga er ledig. På den måten får moglege og aktuelle kandidatar ei oppfordring til å søke eller melde si interesse. Likheitsprinsippet tilseier også at alle potensielt kvalifiserte kandidatar skal få lik mogelegheit til å søke ei stilling i det offentlege.

Unntak frå ekstern utlysing blir ofte gjort i det offentlege for kortvarige engasjement og midlertidige stillingar under seks månader. Dette kan vere uheldig då det ikkje følgjer prinsippa om kvalifikasjon og likebehandling, som tilseier at alle bør kunne ha like mogelegheiter til å

konkurrere om tilsettingar i det offentlege. Tilsettingar i desse stillingane kan gi verdifull arbeidserfaring som gjer at ein stiller sterkare i konkurransen om meir langvarige eller faste stillingar på et seinare tidspunkt.

Det er viktig at kommunen som arbeidsgivar gjeng fram på ein måte som gjer at jobbsøkarane kan vere tryggje på at saka blir godt nok opplyst, at prosessen er ryddig og at valet av kven som skal få jobben er sakleg grunngjeve. For arbeidsgivar er det viktig å dokumentere kva for prosess som er følgt, kva rekkjefølge ting har skjedd i, og kva vurderingar som er gjort. Elles kan det lett oppstå tvil om framgangsmåten ved tilsettinga er i strid med loven sine krav.

Tilsettingar i offentlig sektor er å rekne som eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Det inneber at forvaltningslova sine reglar om forsvarleg sakshandsaming gjeld, som betyr at dei alminnelege krav og forventningar vi har til forvaltninga skal vere ivareteke. I det ligg ei forventning om forsvarleg sakshandsaming, likebehandling og at det ikkje blir teke utanforliggende hensyn.

Med bakgrunn i kontrollutvalet sitt vedtak har administrasjonen blitt kalla inn til kontrollutvalet, for å orientere om kommunen har klare rutinar for korleis ein tilsettingsprosess skal bli gjennomført.

HR- og kvalitetsrådgjevar Eva Vistad vil orientere om kommunens rutinar for tilsetjingar.

Sekretariatet si vurdering

Saka blir lagt fram med forslag om at den blir teken til vitande. Dersom kontrollutvalet etter orienteringa ynskjer å fatte eit anna vedtak står de fritt til det.

6/25 Kommunen sitt arbeid med beredskap

Arkivsak-dok. 25/00359-1
Arkivkode 030&18*
Saksbehandler Ingebjørg Liland

Saksgang	Møtedato	Saksnr
1 Vinje kontrollutval	11.06.2025	6/25

Innstilling frå sekretariatet

Saka vert teken til vitande.

Bakgrunn

Kontrollutvalet handsama i møtet 05.03.25 sak 4/25, innspel til kontrollarbeid.

Kontrollutvalet ynskjer ei orientering om kommunens beredskap ved større hendingar. Eksempelvis beredskap ved bortfall av straum, vatn, matproduksjon. Har kommunen tilgang på tilfluktsrom?

Saksopplysningar

Kommunen sitt arbeid med beredskap er eit veldig viktig og bredt område. Kommunal beredskap er heimla i Sivilbeskyttelsesloven og har følgande føremålsparagraf, § 1. Formålet med lova er å beskytte liv, helse, miljø, materielle verdiar og kritisk infrastruktur ved bruk av ikkje-militær makt når riket er i krig, når krig trugar, når rikets sjølvstende eller trygghet er i fare, og ved uynskte hendingar i fredstid.

Førebygging er vår viktigaste oppgåve når det gjeld hendingar som truar sentrale samfunnsinstitusjonar, vår felles trygghet eller den enkelte sin følelse av trygghet. Kommunal beredskap handlar om å tryggje innbyggjarane gjennom godt planverk og praktiske tiltak.

I forskrift om kommunal beredskapsplikt står følgande under §4:

«Kommunen skal være forberedt på å håndtere uønskede hendelser, og skal med utgangspunkt i den helhetlige risiko- og sårbarhetsanalyse utarbeide en overordnet beredskapsplan. Kommunens overordnede beredskapsplan skal samordne og integrere øvrige beredskapsplaner i kommunen. Den skal også være samordnet med andre relevante offentlige og private krise- og beredskapsplaner.

Beredskapsplanen skal som et minimum inneholde:

- a) en plan for kommunens kriseledelse som gir opplysninger om hvem som utgjør kommunens kriseledelse og deres ansvar, roller, fullmakter, herunder hvem som har fullmakt til å bestemme at kriseledelsen skal samles.*
- b) en varslingsliste over aktører som har en rolle i kommunens krisehåndtering. Kommunen skal informere alle som står på varslingslisten om deres rolle i krisehåndtering.*

- c) *en ressursoversikt som skal inneholde opplysninger om hvilke ressurser kommunen selv har til rådighet og hvilke ressurser som er tilgjengelig hos andre aktører ved uønskede hendelser. Kommunen bør på forhånd inngå avtaler med relevante aktører om bistand under kriser.*
- d) *Evakueringsplaner og plan for befolkningsvarsling basert på den helhetlige risiko- og sårbarhetsanalysen*
- e) *plan for krisekommunikasjon med befolkningen, media og egne ansatte.*

DSB sin kommuneundersøkelse for 2025 har sett på kommunane sitt arbeid med kommunal beredskapsplikt. Hovudfunna frå undersøkelsen er:

- 80 prosent av kommunane har etablert eit kommunalt beredskapsråd – men kunn tri av ti bruker det under faktiske hendingar.
- 99 prosent har ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS), men kunn 76 prosent oppfyller minimumskrava.
- 22 prosent har ROS-analyser som er eldre enn fire år.
- 94 prosent har planar for krisekommunikasjon, men mange har uklare planar for korleis dei skal informere befolkninga ved bortfall av elektroniske kommunikasjonsmidlar (e-kom).

På heimesida til Vinje kommune ligg det ute mykje informasjon om kommunen sitt arbeid med beredskap. Kommunen sin informasjon finner de her: [Kommunen sitt arbeid med beredskap - VINJE KOMMUNE](#)

Kommunedirektør Jan Myrekrok møter i kontrollutvalet for å orientere om kommunen sitt arbeid med beredskap.

Regjeringa la i år fram totalberedskapsmelding for behandling i Stortinget. Eit av vedtaka som vart fatta var at Stortinget bad regjeringa, når nytt regelverk og kriterier er vedtekne, oppheve den gjeldande midlertidige dispensasjonen frå plikta til bygging av tilfluktsrom gitt i forskrift om tilfluktsrom, for offentlege og private tiltakshavere. Opphevinga er ikkje gjeldande før eit justert regelverk er vedteke. Kommunedirektøren er også bedt om å seie noko om korleis kommunen stiller seg til desse signala ved igangsetting av større byggeprosjekt.

Sekretariatet si vurdering

Saka blir lagt fram med forslag om at den blir teken til vitande. Dersom kontrollutvalet etter orienteringa ynskjer å fatte eit anna vedtak står de fritt til det.

7/25 Revisor si oppsummering av rekneskapsåret 2024

Arkivsak-dok. 25/00356-1
Arkivkode 216
Saksbehandler Ingebjørg Liland

Saksgang	Møtedato	Saksnr
1 Vinje kontrollutval	11.06.2025	7/25

Innstilling frå sekretariatet

Kontrollutvalet tek revisor sin oppsummering for årsrekneskapen 2024 og munnleg orientering til vitande.

Bakgrunn

Kontrollutvalet plikter å halde seg orientert om revisjonsarbeidet. Bestemminga er omtala i § 3 i forskrift om kontrollutval og revisjon:

§ 3. Kontrollutvalgets oppgaver ved regnskapsrevisjon Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at:

- a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor*
- c) regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.*

Kontrollutvalet skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsrekneskapet og årsberetninga før formannskapet innstiller til vedtak.

Kontrollutvalet skal sjå til at reknskapsrevisor sine påpeikingar etter kommunelova § 24-7 til § 24-9 blir retta eller følgt opp. Om påpeikingane ikkje blir retta eller følgt opp, skal kontrollutvalet rapportere det til kommunestyret.

Saksopplysningar

Kontrollutvalet har eit ansvar for å sjå til at det blir gjennomført forsvarleg revisjon. Dette er blant anna ivaretatt ved at reknskapsrevisor gjennom året møter i kontrollutvalet og orienterar om gjennomført revisjon.

Vedlagt opsummering gjer greie for utført revisjon på ulike område i samband med årsoppgjeret og revisjon utført gjennom året. Oppsummeringa saman med orientering frå revisor gjennom året dannar grunnlaget for kontrollutvalet sin mogelegheit til å ivareta sitt ansvar

Teamleiar reknskapsrevisjon Birgitte Lindtner Bøen vil legge fram oppsummeringa i møtet og svare på spørsmål frå kontrollutvalet.

Sekretariatet si vurdering

Sekretariatet legger fram forslag om å ta oppsummeringa og den munnlege orienteringa til vitande.

Vedlegg:

- Oppsummering til KU for rekneskapsåret 2024

8/25 Årsrekneskap 2024 for Vinje kommune - kontrollutvalet si uttale

Arkivsak-dok. 25/00357-1

Arkivkode 21

Saksbehandler Ingebjørg Liland

Saksgang	Møtedato	Saksnr
1 Vinje kontrollutval	11.06.2025	8/25

Innstilling fra sekretariatet

Kontrollutvalet sin uttale til Vinje kommune sin årsrekneskap og årsmelding 2024:

Kontrollutvalet har handsama Vinje kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2024. Årsrekneskapen for Vinje kommune viser eit netto driftsresultat på kr 19 846 000.

Revisor har lagt fram revisjonsmelding 26.05.2025. Revisor har lagt fram revisjonsmelding som stadfestar at årsrekneskapen og årsmeldinga er lagt fram i samsvar med lover og forskrifter og god kommunal rekneskapsskikk. Revisor har ikkje avdekt vesentlege feil eller manglar som krev atterhald eller presiseringar i revisjonsmeldinga og har avlagt ei «normalmelding».

Kontrollutvalet har hatt jamleg oppfølging med revisjonen gjennom året og i samband med årsoppgjeret. Kontrollutvalet har ikkje blitt kjent med forhold som bør ha betydning for kommunestyret si godkjenning av årsrekneskapen eller årsmeldinga for 2024.

Kontrollutvalet tilrår at Vinje kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2024 vert godkjent.

Uttalen vert sendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.

Saksopplysningar

Det følgjer av kommunelova § 14-3 at kontrollutvalet skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsrekneskapane og årsmeldingane før formannskapet eller fylkesutvalet innstiller til vedtak.

Det er opp til kontrollutvalet sjølv å vurdere kva uttalen skal innehalde. Korkje kommunelova eller forskrifta om kontrollutval og revisjon stiller konkrete krav til kva uttalen skal innehalde, utover at han skal knyte seg til forhold i årsrekneskapen eller årsmeldinga og tilhøyrande revisjonsmelding. Sjå òg sekretariatet sine kommentarar under merknader.

Vinje kommune sin årsrekneskap og årsmelding vart lagt fram for revisjonen etter fristane. Revisjonen blei difor ikkje ferdige med revideringa innan sin frist 15.04.25. Det vart difor sendt ut ei foreløpig revisjonsmelding den 15.04.25. Revisjonsmeldinga avlagt 26.05.2025 erstattar denne og er ei normalmelding. Dette vil seia at revisor gjennom sitt arbeid ikkje har avdekt vesentlege feil eller manglar som kunne ha medført atterhald eller presiseringar i revisjonsmeldinga.

I samsvar med forskrifta om kontrollutval og revisjon § 3 skal kontrollutvalet sjå til at det rekneskapsrevisor har påpeika etter kommunelova §24-7 til 24-9 blir retta eller følgt opp. Kontrollutvalet har ikkje motteke nummererte brev frå rekneskapsrevisor i 2024.

Controler Ingrid Tveito, møter for å presentere årsrekneskap og årsmelding 2024 for Vinje kommune. Teamleiar rekneskapsrevisjon Birgitte Lindner Bøen møter for å gjere greie for revisjonsmeldinga og svare på spørsmål frå medlemmane i utvalet.

Sekretariatet si vurdering

Sekretariatet gjer merksam på at kontrollutvalet i utgangspunktet står fritt i kva uttalen til årsrekneskapen og årsmeldinga skal innehalde. Sekretariatet vil likevel peike på at formålet med uttalen frå kontrollutvalet primært er å gi innspel til kommunestyret og formannskapet si handsaming av årsrekneskapen og årsmeldinga. Det gjer at forhold som er knytte til økonomiforvaltning, svakheiter i rutinar og liknande som kontrollutvalet er blitt kjent med, t.d. gjennom oppfølginga gjennom året med revisor, berre bør omtalast i uttalen i den grad kontrollutvalet meiner at desse forholda må få betyding for godkjenning av årsrekneskapen/årsmeldinga i kommunestyret. Forhold knytte til internkontroll og økonomiforvaltning som ikkje påverkar godkjenninga av årsrekneskapen/årsmeldinga bør handterast av kontrollutvalet som eigne saker som eventuelt også vert oversendte til kommunestyret for handsaming.

Sekretariatet gjer vidare merksam på at kravet om å uttale seg til årsrekneskapen og årsmeldinga gjeld krava til innhald i årsrekneskap og årsmelding slik dei følgjer av kommunelova med tilhøyrande budsjett- og rekneskapsforskrift. Uttalen dekkjer ikkje finansrapportering eller annan frivillig omtale administrasjonen har teke inn utover dei lov- og forskriftsbestemte krava til innhald i årsmeldinga.

Sekretariatet registrerer at revisor har lagt fram normalmelding. Sekretariatet er ikkje kjent med at det gjennom året eller i samband med revisor si oppsummering av arbeidet med årsoppgjersrevisjonen har kome fram forhold som tilseier at kommunestyret ikkje bør godkjenne årsrekneskapen eller årsmeldinga slik dei er lagde fram. Sekretariatet tilrår å gi ein uttale slik det går fram av forslag til vedtak.

Vedlegg:

- Årsrekneskap 2024 Vinje kommune
- Årsmelding 2024
- Revisjonsmelding Vinje kommune 2024
- Foreløpig revisjonsmelding 2024

Digital årsmeldinga finn de her: <https://appublishframsikt-staging.azurewebsites.net/2024/vinje/7105bda6-5f21-4c88-9dbd-4754112bb324/mr-202412-arsmelding#/home>

9/25 Forenkla etterlevingskontroll 2024

Arkivsak-dok. 24/00592-5
Arkivkode 216
Saksbehandler Ingebjørg Liland

Saksgang	Møtedato	Saksnr
1 Vinje kontrollutval	11.06.2025	9/25

Innstilling frå sekretariatet

Kontrollutvalet tek revisors uttale om forenkla etterlevingskontroll frå revisor til vitande.

Bakgrunn

Etter kommunelova § 24-9 følgjer det at:

«Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak. Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget.

Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.

Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.»

Saksopplysninger

Revisor har valgt etterlevelse av økonomisk sosialhjelp i sein forenkla etterlevelseskonsroll for 2024.

Revisjonen har jobba ut frå følgjande problemstillingar:

1. Er alle søknader tilfredsstillande dokumentert?
2. Er vedtaka i tråd med vedtekne satsar?
3. Blir det utbetala i tråd med vedtak?
4. Er det tilstrekkeleg arbeidsdeling i avgjerdskjeda mh. økonomisk sosialhjelp?
5. Korleis handterer Tokke kommune kvar kommunes sosialhjelps utgifter i sitt rekneskap for å få til eit korrekt refusjonsgrunnlag til kvar av kommunane?

Kontrollen gjeld for rekneskapsåret 2024. Det kjem fram av revisor si uttale at det ikkje er funne avvik. Revisor konkluderer slik:

«Basert på utførte handlingar og bevis som er henta inn er vi ikkje blitt merksame på andre forhold som gir oss grunn til å tru at Vinje kommune ikkje i det alt vesentlege har etterlevd reglane som gjeld økonomisk sosialhjelp.»

Sekretariatet si vurdering

Revisor har ikkje funne avvik i sine undersøkingar. Sekretariatet anbefaler at kontrollutvalet tek rapporten til vitande.

Vedlegg:

- Uavhengig revisors attestasjonsfråsegn

10/25 Undervegsrapportering - Forvaltningsrevisjon av Helse og omsorg

Arkivsak-dok. 24/00825-9

Arkivkode 217

Saksbehandler Ingebjørg Liland

Saksgang	Møtedato	Saksnr
1 Vinje kontrollutval	11.06.2025	10/25

Innstilling frå sekretariatet

Saken tas til orientering.

Saksopplysningar

Kontrollutvalet har bestilt ein forvaltningsrevisjon som omhandlar arbeidsmiljø, sjukefråvær og bruk av vikar/innleigd personell i helse og omsorg.

Utvallsleiar har bedt om å få ein undervegsrapportering frå revisjonen om korleis det gjeng med prosjektet og om gjennomføringa av spørjeundersøkinga i eininga.

Forvaltningsrevisor Geir Kastet Dahl møter via Teams for å orientere.

11/25 Referatsaker 11.06.25

Arkivsak-dok. 25/00015-3

Arkivkode 033

Saksbehandler Ingebjørg Liland

Saksgang	Møtedato	Saksnr
1 Vinje kontrollutval	11.06.2025	11/25

Innstilling frå sekretariatet

Referatsakene vert teke til vitande.

Saksopplysningar

Kontrollutvalet får lag fram følgande referatsaker:

1. Innkommen post:
 - a. Førespurnad frå Skjævesland, datert 21.04.25
 2. Kontrollutvalet sine sake handsama i kommunestyret
 - a. Kontrollutvalet si årsmelding for 2024 vart lagt fram i kommunestyret 25.03.25. Kommunestyret tok årsmeldinga til vitande.
 3. Andre aktuelle sake i kommunestyret
 - a. Tilstandsrapport for Vinjeskulen 2024
 - b. Tilstandsrapport for Barnevernssamarbeidet i Vest-Telemark 2024
- Sakne finn de her: [Utvalgsmøte](#)

12/25 Innspel til kontrollarbeid 11.06.25

Arkivsak-dok. 25/00021-5

Arkivkode 033

Saksbehandler Ingebjørg Liland

Saksgang	Møtedato	Saksnr
1 Vinje kontrollutval	11.06.2025	12/25

Innstilling frå sekretariatet

Saka blir lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksopplysningar

Hensikten med denne saka er at utvalet sine medlemmer kan drøfte og fremme innspel til saker og forhold som kontrollutvalet kan ta tak i, eller diskutere om å få utgreidd ei sak til eit framtidig kontrollutvalsmøte. Da kan forslag om å sette opp saka blir fremma i denne saka.

Eksempel på tema som kan takast opp:

- Forhold i kommunen som medlemmene har behov for å drøft
- Ynskje om orientering knytt til eit saksområde frå kommunedirektør eller sekretariatet i eit framtidig møte

Utvalet sine medlemmer blir oppfordra til å seie frå om dei har noko til saka i starten av møtet.